

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-140	19/667

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020
009/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

### Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Høyring planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023.	22.01.2020
Uttale til framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020-2023	21.01.2020
Fråsegn til planstrategi for Masfjorden kommune 2020-2023 - Vestland fylke	17.01.2020
Uttale - Oppstartsmelding - Masfjorden - kommunal planstrategi - 2020 - 2023	17.01.2020
Innspel til framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023	10.01.2020
Skisser over området.pdf	10.01.2020
Planstrategi for Masfjorden 2020 - 2023 framlegg i samsvar med formannskapsvedtak 073-2019	18.12.2019
Innspel til Planstrategien for Masfjorden 2020 - 2023	27.01.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 vert godkjent med følgjande endringar i kap. 8. under prioriterte planar 2020 - 2023 :**

#### Nye planar som skal innarbeidast:

1. Kommunedelplan for trafikkisikring – oppstart 2022
2. Reguleringsplan for Slippen/ Storskjeret på Sandnes – oppstart 2020
3. Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen – oppstart 2021
4. Reguleringsplan for næringsområdet på Matre - oppstart 2020

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Formannskapet hadde oppstart av arbeid med planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 til handsaming i møte den 21.10.2019, sak 073/2019.

Nedunder er f. sak 073/19 vist i sin heilskap i kursivtekst:

**«Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

*Formannskapet vedtek oppstart av arbeid med utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 10-1.*

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn og fakta**

*Plan- og bygningslova sin § 10-1 pålegg alle kommunar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre å utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Nedunder er lovteksten vist:*

*§ 10-1. Kommunal planstrategi*

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.*

*Den første planstrategien i Masfjorden kommune vart vedteken i kommunestyret den 30.10.2012 etter at kommunplanen sin samfunnsdel og arealdel vart vedteken den 31.mai 2012. Den 28.09.2016 vart gjeldande planstrategi for perioden 2016 – 2020 vedteken, i sak 059/2016.*

*Fokusområda heilt frå kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2012 har vore desse områda:*

**Bru over Masfjorden**  
**Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging**  
**Samfunnstryggleik og beredskap**  
**Energi og klima**  
**Folkehelse**  
**Kvalitet og kompetanse**

## **Kommunale tenester**

*Som vedlegg til denne saka vert dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023» lagt ved. I tillegg har administrasjonen lagt eit oppstartsdokument for ny planstrategi for Masfjorden kommune. Dette er laga for å gje ein oversikt over kva som har skjedd tidlegare av viktig planarbeid og for å peike på planar som administrasjonen meiner ein bør vurdere å ta med.*

### **Vurdering**

*Masfjorden kommune har hatt folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste folketalsstatistikk (2019) var det ca 1700 innbyggjarar. Dette viser at det nyttar å ha fokus på lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging, og det inspirerer til vidare satsing i tråd med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål vert gjennomført først.*

*I vedlagde oppstartdokument er element frå gjeldande planstrategi teke med og det er vist status for godkjente planar og skisse til planar som bør vurderast å vert gjennomført i perioden 2020 – 2023.*

*Kapasiteten til å gjennomføra større planarbeid med avgrensa administrative og økonomiske ressursar er etter rådmannen si vurdering viktig å få drøfta før endeleg planstrategi vert vedteken.*

### **Konklusjon**

*Rådmannen rår til at arbeidet med planstrategi vert starta opp no, og meiner det er ønskjeleg at formannskapet drøftar korleis arbeidet skal organiserast, framdrifta og prioriterte område.*

## **Formannskapet - 073/2019**

### **FS - behandling:**

*Saka vart drøfta.*

*Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til endring i første setning:*

*Formannskapet vedtek at framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023 vert lagt ut på høyring.*

*Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.*

### **FS - vedtak:**

*Formannskapet vedtek at framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 vert lagt ut på høyring. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 10-1.*

## Nye opplysningar i saka:

Kommunen sende i brev dagsett 18.12.2019 framlegget til planstrategi ut på høyring med frist 20. januar 2020 for å koma med merknad.

Det er i løpet av høyringa kome inn 6 skriftlege merknader til innhaldet, som nedunder vert referert kort og deretter vurdert av administrasjonen. Desse er:

1. **Brev frå Kystverket dagsett 17.01.2020** som skriv at dei er svært positive til at kommunen ynskjer å prioritere og utarbeide ein kommunedelplan for strand- og sjøområda i Fensfjorden og Masfjorden, basert på Fylkesmannen si oppmoding i samband med handsaming av gjeldande kommuneplan. Vidare at Kystverket ynskjer å bli involvert i denne prosessen så tidleg som mogeleg, då den maritime aktiviteten i særleg Fensfjorden er svært viktig både regionalt og nasjonalt.

*Rådmannen tek merknaden til orientering.*

2. **Brev frå Fiskeridirektoratet region Vest dagsett 21.01.2020** som skriv at Fiskeridirektoratet er positive til at kommunen ønsker å prioritere ein eigen kommunedelplan for både strand- og sjøområda i Masfjorden og Fensfjorden. Vidare at dei ønskjer å verta involvert i planprosessen tidleg, for å kunne bidra med kunnskap om fiskeri, akvakultur og marint biologisk mangfald.

*Rådmannen tek merknaden til orientering.*

3. **Brev frå Nordbygda Pensjonistlag dagsett 21.01.2019**, som mellom anna skriv at det er viktig å dimensjonere planbehovet opp mot administrativ kapasitet, og at formannskapet bør ha årlege møte der dei drøftar, prioriterar, og fattar naudsynte vedtak på det som skal skje innanfor plansektoren år for år i perioden. Vidare skriv dei at:

« Vi har merka oss dei fire kulepunkta under punkt 5 i Nasjonale føringar. Vi kan ikkje sjå at punkt 8, «Skisse til prioriterte planar 2020 – 2024», kjem i strid med desse. Skissa gir ein god oversikt over ulike planar. Vi vil kommentera tre områder kort:

- 1) **Kompetanse på alle plan** i kommunen er viktig, derfor må dette område vera høgt prioritert. Her må ein òg ta med seg alt det nye med «velferdsteknologien» som kjem meir og meir.
- 2) **Kommuneplan for helse, omsorg og sosial**. Her må ein ta høgde for at våre to kommunelegar dreg på åra, og rekruttering må difor vera gjennomtenkt. Like eins mogleg legevakt lengre enn vanleg kontortid til td. kl 22, no når mykje av helsetjenestene blir samla i Fensfjordbygg. Trygghet for oss eldre så vel som for unge, betyr mykje i vår spreiddbygde kommune.
- 3) **Kommuneplan for trafikksikring** står ikkje nevnt anna enn under godkjende planar 2014 –

2019. Med dei mange trafikkulykkene vi har hatt i kommunen vår burde den gjerne vore oppdatert. Kanskje kan ein få litt drahjelp her hjå politiet no når det endeleg ser ut for at dei blir etablert permanent i Fensfjordbygg. Trafikksikring kan òg ha folkehelse- aspektet med seg. Tilrettelegging for gåande og syklande er viktig.

Avslutningsvis vil vi oppfordra til godt samarbeid mellom kommuneadministrasjon og politikarar, slik at ein dreg lasset i lag, og at eldreråd og pensjonistlag blir invitert med når det er konkrete saker som gjeld eldre.»

*Rådmannen meiner at Nordbygda pensjonistlag har mange gode moment i merknaden sin, og rår til at behovet for ein eigen sektorplan/ temaplan for helsetenestene vert drøfta meir i endeleg planstrategi. I eit slikt planarbeid kan ein mellom anna få drøfta framtidige utfordringar innanfor desse tenestene, og kva mål og tiltak kommunen ønskjer å vedta for dette tenesteområdet, inkludert eventuelt behov for utvida legevakt i Masfjorden. Vidare er rådmannen samd med pensjonistlaget at kommunedelplan for trafikksikring bør reviderast, og at denne bør koma inn som ei prioritert planoppgåve med oppstart 2021. Planstrategien vert difor endra på bakgrunn av denne merknaden.*

**Brev frå Masfjorden Høgre dagsett 12.01.2020**, som skriv at kommunen treng fleire byggeklare bustadområder alt i 2020. Det vil kreve rask oppstart og realistiske planar for nye bustadområder. Det gjeld først og fremst Matre, Botnaneset og området mellom Skjelsundet og Hosteland. Dette er alle områder som er tett knytta til sentrumsområder med skule, barnehage og andre offentlege og private tilbud i kommunen. Vidare skriv dei at:

« **Matre:** Reguleringsplan for bustadområde med min. bustadeiningar må prioriterast. Reguleringsplan for næringsetablering må igangsetjast snarast råd. Områdeplan for Matre må startast opp parallelt med dei 2 reguleringsplanane, og samanfattast med desse, men og ta høgde for vidare utvikling av både næringsetablering og bustadbygging på Matre.

**Sandnes/Botnaneset:** Her bør reguleringsplanarbeidet iverksetjast som ein idekonkurranse der ein kan få flest moglege bustadeiningar, adkomst til sjø og friluft samt ivaretaking av Botnaneset si kulturarv og historie. Dette vil styrke Sandnes som sentrumsområde og attraktivitet midt i kommunen.

**Hosteland, Kvalhogen/Olderstuen:** Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen mellom Treet på Hosteland og Skjelsundet må startast opp snarast råd er i 2020. Dette området er det alt interesse for etablering i og området er tilgjengeleg for utbygging. Området er sentrumsnært til Hosteland med kort avstand dei offentlege tilboda der. Masfjorden Høgre ber om at dette området får prioritet i tiltaksplanen med oppstart i 2020. «

Partiet skriv vidare at det er trygt at Masfjorden kommune jevnleg vil revidere kompetanseplanen for kommunen, og at det for kommunen sitt vedkomande bør vera hovedfokus på kompetansen innan grunnskulen og helsesektoren i Masfjorden. Dei skriv og om behovet for høg kompetanse i næringslivet. Avslutningsvis vert behov for trafikksikringsplan nemnd, og at denne må vera klar på ansvarsdeling m.v.

*Rådmannen meiner at Masfjorden Høgre har mange gode moment i merknaden sin, og er samd i at behovet for ein eigen reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen mellom Treet på Hosteland og Skjelsundet er stort, og at planstrategien bør endrast ved at denne planoppgåva kjem med, og med oppstart i 2020.*

*Når det gjeld oppstart av reguleringsplanar på Matre rår ein til at reguleringsplan for næringsområdet kan starta opp i 2020, medan dei andre planane knytt til bustader kan starta opp i 2022. Grunngevinga for denne prioriteringa er at det hastar mest å få utvikla næringsområdet aust for E39, sidan det her er potensielle aktørar som ønskjer å satse relativt raskt. Det andre argumentet er tilpassing til budsjett og avgrensa administrativ kapasitet.*

*Behov for ein ny trafikksekringsplan er drøfta i samband med merknaden frå Nordbygda pensjonistlag.*

1. **Brev frå styret i Sandnesbutikken AS dagsett 07.01.2020, som mellom anna skriv at:**

«Styret i Sandnesbutikken AS har sett på moglege alternativ og har enda opp med at utfylling i sjø ved Slippen er det einaste som er aktuelt no når så mykje areal på Sandnes er bandlagt i samband med brua.

**Styret vil be kommunestyret prioritera reguleringsplan for Slippen som nr i av dei planane kommunen skal arbeida med i perioden og at arbeidet med denne reguleringsplanen må starta i 2020.**

Grunngeving:

Lokalsamfunnsutvikling - folketalsutvikling og bustadbygging er eit av fokusområda i kommuneplanen. Masfjorden kommune har folketalsauke som eit overordna mål. Kommunestyret har godkjent areal til bustadbygging i Botneset i arealplanen. Me veit at barneskule, barnehage og daglegvarebutikk er viktig for at unge familiar skal slå seg ned i ei

bygd. Dersom butikken no må nedleggast fordi det ikkje finst næringsareal til ein ny, kan det visa seg vanskeleg å få folk til å bygga seg hus her. Framtida for butikken er slik sett avgjerande for framtida til bygda.»

På bakgrunn av dette skriv styret at dei ønskjer ei tomt regulert til forretning/ næringsføremål på om lag 600 m<sup>2</sup>, litt mindre enn halvdelen av dette er fylling i sjø. Vidare at dette vil gje areal til butikk, evt. med kontor til utleige i 2. høgda, samt plass for varelevering og nokre parkeringsplassar, samt med gjestebrygge og opptrekk for fritidsbåtar.

*Rådmannen meiner at styret i Sandnesbutikken AS har mange poeng i merknaden sin, og er samd i at det hastar å få regulert inn eit nytt areal på Sandnes, som butikken kan flytta til når leigekontrakten relativt snart vert sagt opp. På bakgrunn av dette rår ein til at planstrategien vert endra, ved at ein føreslår oppstart av reguleringsplan på arealet ved Slippen/ Storeskjeret, med oppstart 2020.*

2. **Brev frå Fylkesmannen i Vestland dagsett 16.01.2020, som skriv om mange tema, og meiner at fleire moment burde vore teke med i dokumentet. Det vert vist til**

brevet i sin heilskap.

*Rådmannen er samd med fylkesmannen om at fleire moment kunne vore med i drøftingane knytt til planstrategien. Av kapasitetsmessige omsyn rår ein til at kommunestyret godkjenner planstrategien no, slik han ligg føre med tilrådde endringar, og at ein reviderer plandokumentet seinare i år, med fleire vurderingar og moment i saka.*

*Så snart folkehelseoversikten er ferdig utført vert dette jobba vidare med.*

## **Vurdering**

Rådmannen viser til drøftingane ovanfor, og legg framlegg til planstrategi fram til endeleg slutthandsaming med følgjande endringar.

### **Nye planar som skal innarbeidast i dokumentet (revidert planstrategi vert ettersendt):**

1. Kommunedelplan for trafikksikring – oppstart 2022
2. Reguleringsplan for Slippen/ Storskjeret på Sandnes – oppstart 2020
3. Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen – oppstart 2021
4. Reguleringsplan for næringsområdet på Matre - oppstart 2020

Budsjettmessige endringar på grunn av meir planarbeid må drøftast nærmare.

## **Formannskapet - 012/2020**

### **FS - behandling:**

Erlend Kvamsdal (H) spurte om han var ugild i denne saka sidan han er medeigar i firma som har sendt inn forslag om å eit av punkta som skal innarbeidast i planstrategidokumentet.

Formannskapet samla seg om at ikkje var ugild.

Saka vart drøfta.

Det vart delt ut skriv i møtet frå:

Arnold Matre

Marit Steinestø

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram forslag om at saka skulle utsettast. Utsettingsframlegget til KrF fall mot ei røyst (KrF)

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram forslag om følgjande endring i pkt 1:

Kommunedelplan for trafikksikring - oppstart 2020

Formannskapet samla seg om følgjande tilleggspunkt:

Planstrategidokumentet skal reviderast hausten 2020

Framlegg til vedtak med endringsforslaget frå Sp og tilleggspunktet frå formannskapet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 vert godkjent med følgjande endringar i kap. 8. under prioriterte planar 2020 - 2023 :**

**Nye planar som skal innarbeidast:**

1. Kommunedelplan for trafikksikring – oppstart 2020
2. Reguleringsplan for Slippen/ Storskjeret på Sandnes – oppstart 2020
3. Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen – oppstart 2021
4. Reguleringsplan for næringsområdet på Matre - oppstart 2020

Planstrategidokumentet skal reviderast hausten 2020.

#### **Kommunestyret - 009/2020**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

John Torsvik (H) sette fram følgjande framlegg til endring i pkt 3 og 4:

3. Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen - oppstart 2020
4. Reguleringsplan for bustad og næringsområder på Matre - oppstart 2020

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå H vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 vert godkjent med følgjande endringar i kap. 8. under prioriterte planar 2020 - 2023 :**

**Nye planar som skal innarbeidast:**

1. Kommunedelplan for trafikksikring – oppstart 2020
2. Reguleringsplan for Slippen/ Storskjeret på Sandnes – oppstart 2020
3. Reguleringsplan for området Kvalhogen og Olderstuen – oppstart 2020
4. Reguleringsplan for bustad og næringsområdet på Matre - oppstart 2020

Planstrategidokumentet skal reviderast hausten 2020.



